

## **Saksutdrag frå Generalforsamling i Gløde Utvikling AS (Org. 963 399 243)**

Stad: Havnevegen 11, 5918 FREKHAUG

Dato: 20.06.2023

Representasjon: 63,27% av aksjane (105575 av 166900 aksjar)

Representerte Alver Kommune, Vestland Fylkeskommune, Meland Helselag og Steinar Knudsen

### **Sak 9 / 2023    Retta emisjon**

Det vart vist til avgjerda i Formannskapet 15.06.2023, der Alver kommune stillar seg positiv til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling AS for inntil 3 000 000,- under føresetnad av at eigarane sluttar seg til utvidinga utan å krevje umiddelbar innløyising av sine eigardelar. Kommunen bed om at Gløde utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler og sikrar eksisterande aksjoner sine rettar og pliktar. Formannskapet vert delegert mynde til å avgjerda saken. Saken skal vedtakast i kommunestyret 22.06.23.

Generalforsamlinga oppfattar at behovet for likviditet er større enn det som Alver Kommune ser ut til å skyta inn i aksjekapital. I sakspapira som låg ved innkallinga går det fram at behovet for kapital ligg på 5-6 millionar. Ordførar vil undersøkje om mandatet til formannskapet er avgrensa til 3 millionar.

Alle representantar som var til stade var klare på at dei ønskte berre det som var best for Gløde, sjølv om det inneber at deira eigardel vert mykje mindre.

Generalforsamlinga var opptatt av at det har vore ein styrke med eit brei samansetning med både kommune, fylke, lag og organisasjonar og verksemder. Det bør derfor jobbast for å oppretthalde dette på ein eller annan måte, eks. ved vedtektsfesta representasjon i styret.

Det vart også drøfta alternativ måtar å skyta inn kapitalinnskott, der ein betalar overkurs for aksjane og at ein såleis i mindre grad endrar eigardel til dei ulike partane. Ein modell og kompromiss kan vere at Alver kommune sikrar seg meir enn 67% eigardel og såleis kan sikre seg full styring av selskapet.

Generalforsamlinga var opptatt av at styret jobbar for å reise tilstrekkeleg kapital. Likeins var ein også opptatt av at alle eigarar vert gjeve moglegheit å gå delta i emisjon på same vilkår som Alver Kommune. Vestland Fylkeskommune ønskjer moglegheit for ein politisk behandling og neste møte i Fylkestinget, der ein kan ta stilling til dette, er ikkje før i midten av desember 2023.

Generalforsamlinga så ikkje at det var eit tilstrekkeleg grunnlag for å vedta emisjonen på noverande tidspunkt, men ønskjer eit begrunna framlegg til vedtak med beløp og aksjekurs.

### **Vedtak:**

Generalforsamlinga er positiv til kapitalinnhenting og ber om at man kommer tilbake til saken i ein ekstraordinær generalforsamling der det vert lagt fram forslag om korleis skal gjennomførast.

Frekhaug 20.06.2023

Thomas Knudsen (for styreleiar)